

## Skitrening på Hangoren onsdag 13. mars for 3.-6. klasse

Turleiarar: Helge Finne, Arnstein Aas, Espen Stueland og Pål Augland

Frammøte ved gondolbanen, nedre stasjon, kl 1630. NB presis,

Voss resort sponsar gratis tur med gondolbanen til små og store langrennarar.

Alle bør ta med ei ekstra jakke og ei lita drikkeflaske. Voss il held pølser og brød.

Når me er komne opp på Hangoren vert ungane delt i to grupper avhengig av kor lang løype dei ønskjer å gå. Me tenkjer oss at dei fleste nyttar skøyteski. Begge turalternativa går innom Åsneshytta der Pål Augland har fyrt opp og har pølser og brød klare til alle ungane. Han treng hjelp av ein vaksen til! (sms 90162472) Etter grillinga går turen ned Raugstadløypa. Me reknar med å vera på lunneplassen på Heggjavad ca kl. 1830.

Me føreset at mange foreldre vert med turen. Særleg er det viktig at dei yngste har med ein vaksen dei kjenner. Flott om folk snakkar saman og avtalar kven som er med på turen og kven som hentar på Heggjavad. Skal du parkera på Heggjavad kostar dette 10 kr som du betalar i ei kasse på Raugstad.

Har du spørsmål kontakt underteikna på 90571784

Vel møtt.

Helge Finne